



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 31.01.2022

Arkivk.: styret/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 05 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023

Stad: Microsoft Teams

Tidspunkt: Måndag 31. desember, kl. 20.00-22.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 42 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 43 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 04 21-23 frå Skikrinsstyret
SAK 44 21-23 SFSK LK protokoll nr. 04 21-23

ORIENTERINGSSAKER

SAK 45 21-23 Hoppsaka NSF

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 46 21-23 Skiklubbutviklar SFSK
SAK 47 21-23 Møteplan våren 2022 og vårmøte 2022

EVENTUELT

SAK 48 21-23 Klubbesøk

TIL STADES: Finn Årdal, Anne Marie Svarstad, Anders Engeland, Roger Ellingsund, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal, Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL: Tonje N. Tangerud

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 42 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 43 21-23 Godkjenning av protokoll nr. 04 21-23 frå Skikrinsstyret
Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 04 21-23 er sendt ut tidlegare, og er godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenn protokoll nr. 04 21-23.

SAK 44 21-23 SFSK LK protokoll nr. 04 21-23
Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 04 21-23 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 45 21-23 Hoppsaka NSF
Bakgrunn

Evalueringsutvalet sin rapport er sendt ut i framkant, og ligg tilgjengeleg på nettsidene til Skiforbundet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og følger opp organiseringa til NSF.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 46 21-23 Skiklubbutviklar SFSK
Bakgrunn

Skikrinsstyret gjorde vedtak om å tilsetje skiklubbutviklar i 50% stilling i sak 21 21-23:

”Skikrinsstyret vedtek å gå for ei 50% stilling i krinsen. Skikrinsstyret vedtek vidare å forplikte vår del av finansieringa med kr. 62 287,- årleg i prosjektperioden på 3 år. Dersom ein får henta inn ekstra ekstern finansiering, kjem det til frådrag.»

Utkast til stillingsannonse er sendt ut som vedlegg i forkant av møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret diskuterte stillingsannonser i møtet og gjer vedtak om å endre annonsa etter dei innspela som vart diskutert. Adm. og Tor Arne lagar nytt framlegg og sender til NSF.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

SAK 47 21-23

**Møteplan våren 2022 og vårmøte 2022
Bakgrunn**

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å halde vårmøte 2022 måndag 23. mai kl. 17.30, ved Thon Hotel Jølster.
Styremøter elles blir på teams ved behov.

**EVENTUELT
SAK 48 21-23**

**Klubbesøk
Bakgrunn**

VEDTAK

Skikrinsstyret følgjer opp klubbesøk i større grad når vi får tilsett skiklubbutviklaren.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef